
Fra: Inger.Lena.Gasemyr@hfk.no
Sendt: onsdag 19. juli 2017 11.09
Til: Ingrid Bjørge Pedersen; nina.skjerpings@multiconsult.no
Emne: Oversending av sak til uttale vedkomande riving av bygg - gnr 229 bnr 6 Skår - Bjørsvik - Lindås kommune

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Viser til oversendt sak til uttale vedkomande søknad om riving av bygg, gnr. 226 bnr 6 Skår, Bjørsvik i Lindås kommune, regulert med omsynssone kulturmiljø H570. Saka gjeld riving av ishuse, som truleg er i frå byrjinga av 1970-talet, då ein dreiv med produksjon av hermetikk. Ishuset må rivast for å få plass til ein gasstank, som no står framfor den store eldre fabrikkbygningen nede ved kaien. Fylkeskonservatoren har ingen vidare merknader i saka, då tiltaket ikkje vil få store negative konsekvensar for kulturminneinteresser av nasjonal eller regional verdi. Vi ber om at kommunen stiller krav om at ishuse skal dokumenterast med bilete (før, under og etter riving) supplert med tilgjengelege byggjeteikningar og kort historikk om når det vart bygd. Vi ber om at det vert teken særleg omsyn til den store fabrikkbygningen som er bygd i tre, då den har regional kulturminneverdi. Vi minner elles om at Bjørsvik er ein av dei eldste industristadane i Nordhordland og må difor løftast fram i kommunen sitt arbeid med kulturminneplan. Det er her særleg viktig at staden vert prioritert i kulturminneplanen sin handlingsdel som seier noko om korleis ein kan søke å finne løysingar for vern gjennom bruk av eldre industribygg.

Helsing

Inger Lena Gåsemyr

Seniorrådgjevar - Fagkoordinator kulturminnevern 1

Fylkeskonservatoren | Kultur- og idrettsavdelinga Tlf: 55 23 91 79 | www.hordaland.no